

STATUSRAPPORT



26.03.2015

NRK Nynorsk mediesenter

Vi har lært opp 105 nynorskpraktikantar, og 66 % av dei arbeider i media. 53 av dei 105 er framleis i NRK. Det er trengt om jobbane, sidan NRK skal ned i talet på tilsette.

NRK Nynorsk mediesenter er eit strategisk rekrutteringstiltak, for å få fleire nynorskbrukarar i NRK og andre media. Dei som kjem inn her skal ha tre års prioritet til stillingar dei er fullt ut kvalifiserte for.

NRKs rekrutteringsprogram – frå folkemunne til nett

Heretter skal reglane om tre års prioritet til stillingar i NRK, for dei som går NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter, vere lette å finne i Personalhandboka på intranettsida Torget i NRK.

19. mars vart dei lagt ut der under eiga overskrift, og der skal dei sist oppdaterte reglane ligge til ei kvar tid. <http://torget/personalhandbok/Sider/default.aspx>



Rune Johansen (Foto: Anne Liv Ekroll/NRK)

- Dette kan sjå ut til å vere ein bagatell, men det er det ikkje. Reglane har funnest i sju år, men har vore bakte inn i ulike skriv og retningsliner, og vanskelege å finne. Dei har vore mest på folkemunne, og mange leiarar har heva at dei ikkje kjende til dei. Og då er reglane lite verdt. Reglane har også vore endra utan at vi som driv tiltaka har vore varsla eller rådspurde. Vi har masa mykje om å få orden på dette og reglane lette å finne. Takka vere personalsjef Rune Johansen vart det no teke på alvor og ordna opp i, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

NRK har hatt reglar om prioritet til stillingar for dei som går dei strategiske rekrutteringsprogramma, NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRE, sidan 2008. Grunnen til at NRK driv desse tiltaka er trongen for fleire nynorskbrukarar og fleirkulturelle medarbeidarar. Etter avslutta opplæring har dei tre års prioritet til stillingar dei er fullt ut kvalifiserte for. Dei skal reknast som interne søkjarar, og kan også søkje og få faste stillingar.

- Likevel har fleire nynorskpraktikantar blitt fortalt at dei ikkje kan søkje på internt utlyste stillingar, fordi berre fast tilsette kan søkje på dei. Andre har blitt fortalt at dei ikkje kan få eksternt utlyste stillingar. Begge deler er feil. Reglane er krystallklare. Om dei aktuelle leiarane har vore i god tru eller ikkje er vanskeleg å vite. Men det er viktig at dei finn dei rette reglane lett, og at dei som gjev råd minner om at dei finst, seier Øvrebotten.

Gjeldande formulering vart vedteken 1. oktober 2013, i retningslinene for bemanningskontroll. Slik lyder grunnregelen m/kommentarar og utdjuingar:

NRKs rekrutteringsprogram

NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk Mediesenter betraktes som interne søkere i tre år etter gjennomført program, og de skal gis prioritet til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for.

Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Såpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige.

Kommentarer og utdyping

Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelser i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søkere.
- Kvalifiserte flerkulturelle søkere (og alle kvalifiserte søkere for øvrig i NRK) skal alltid tas inn til intervju (NRKs mangfoldstrategi fra 2011).

Markert programleiar nedbemanna?



Hilde Zahl (Foto/NRK)

Den profilerte programleieren for [Kveldsåpent](#) i NRK P1, Hilde Zahl, er mellom dei som truleg må slutte når Mediehuset Trøndelag skjer ned på tilsette. Dei må kutte ti redaksjonelle medarbeidarar, og gjer det stort sett etter ansiennitet. Det råkar to tidlegare nynorskpraktikantar, som begge har arbeidd på Tyholt i meir enn fire år.

Dei fleste som har vore på Tyholt mindre enn 4,5 år, fekk måndag beskjed om at dei må slutte, om det ikkje lukkast å skaffe dei arbeid elles i NRK eller mange tek sluttpakkar. Det er framleis mykje som ikkje er avklara.

- Vi er i prosess med sluttpakker, og håper å kunne løse dette uten oppsigelser, seier Line **Gevelt Andersen**, programsjef for radio og kultur.

Hilde Zahl var nynorskpraktikant i 2010/11, og har arbeidd på Tyholt sidan ho var der i praksis i januar/februar 2011. Ho var fyrst reporter i Kveldsåpent, og hadde si fyrste sending som programleiar i juni 2011. Hilde Zahl har fått jermålet på riksnettet, til både glede og forarging hjå lyttarane. Kritikken har minka og vellæte auka. Ho har vorte ein signatur. Programmet held fram, men ho kan bli vekke:

- Førebels veit eg ingenting sikkert. Verken om eller når eller korleis. Eg kjem til å sakna lyttarane mine. Alle stovene og sinna eg har fått koma inn i. Eg har hatt privilegiet å få vera med heilt vanvittig mange i bilen, på hytta, i oppvasken. Det er eg svært takksam for. Eg kjem til å sakna å få spreia det viktigaste me har i eit utfordrande liv: positiviteten, seier **Hilde Zahl**.



Frå venstre: **Bård Holmen Solvik**, **Olav Åsen Haugsgjerd**, **Gunnhild Årdal**, **Steinar Daltveit** og **Signe Fuglesteg Luksengard**.
(Foto: Randi Indrebø/NRK)

Støttehjula er fjerna på kull 22

Dei byrja som nynorskpraktikantar 5. januar i år, og skal vere i Førde ut april. Frå 4. mai til 30. juni skal dei i ekstern praksis. Steinar Daltveit skal til NRK P3, Gunnhild Årdal til NRK Utanriks, Bård Holmen Solvik til NRK Innanriks, Signe Fuglesteg Luksengard til NRK Supernytt og Olav Åsen Haugsgjerd til NRK Sørlandet.

Bård Holmen Solvik (1985): - *Etter nokre månadar med opplæring i trygge omgjevnadar har støttehjula blitt fjerna. Livet på desken som nynorskpraktikant er eit liv med korte tidsfristar og harde bod, nett slik det må vere om ein ynskjer å bli teken på alvor som journalist. Rett nok går eg ikkje med illusjonar om at eg sykklar heilt stødig enno, men farta og stabiliteten på sakene eg leverer blir stadig betre.*

Det er difor med ei kjensle av indre uro og stoltheit at eg no førebur meg på praksis i innanriksavdelinga til NRK. Eg vonar eg vert fint nøydde til å gire opp endå nokre hakk før eg er klar til å henge med i svingane der. Då er det godt å ha kollegaar her i NRK Sogn og Fjordane som alltid er villige til å hjelpe meg vidare, heldigvis med meir bruk av gulrot enn pisk.

So er det berre å sjå om det er rett som dei seier; at når ein fyrst har lært å sykle...

Olav Åsen Haugsgjerd (1988). - *Arbeid skapar reporteren. Som læresvein ved Nynorsk mediesenter, har eg gått ein god skule i journalistisk handverk. Når ein sit og knotar i eit redigeringsprogram, finn ein til slutt sin eigen veg inn i systemet. Eller når ein ringer eit departement for 30 gong, blir ein endå meir einvis. Saman med framifrå faglærarar har mine eigne brølarar vore mine beste førelesarar. Med radio, nett og fjernsyn i kofferten, kjenner eg meg budd på denne morosame bransjen.*

Gunnhild Årdal (1987): - *Det er sagt før, men det er sant; På Nynorsk mediesenter lærer ein utruleg mykje på kort tid. Og endå kjekkare er det å få prøve det ut i praksis. Her er alltid hyggelege kollegaer som er klar for å hjelpe, og som behandlar oss som «ekte» journalistar. Det vert spennande å få prøvd seg på eit av mine store interessefelt, utanriks, sjølv om eg verkeleg har fått augene opp for distriktskontor. Her skjer det alltid noko!*

Steinar Daltveit (1989): - *Det som er kult med dette opplegget, er at ein kjem ut av komfortsona si svært ofte. Til dømes var det uvant for meg å vera direkte på radio. Eg visste at eg berre hadde ein sjanse. Det er lett å sitta inne med kaffikoppen og diskutera intervjueteknikk, men det er ute i felten det tel. Eg var ekstremt konsentrert då eg gjennomførte direktesendinga. Ein lærer effektivt gjennom slike opplevingar.*

Signe Fuglesteg Luksengard (1990): - *Månadane i Førde har vore spennande. Med dyktige forelesingar, spennande gjestelærarar og tett oppfølging har ein moglegheit til å lære svært mykje. Når ein i tillegg kan nytte denne kunnskapen i praksis, grunna eit tett samarbeid med NRK Sogn og Fjordane, er det ekstra moro. Det har vore inspirerende og motiverande og sjå sakene me lagar dukke opp i både radio, nett og TV.*

Kull 21: - Hardt arbeid og lange dagar



Frå venstre: **Tor-Erik Humlen, Sigrid Agnethe Hansen, Hibba Sarmadawy, Elias Engevik og Ine Eftestøl** (Foto: Randi Indrebø/NRK)

28. februar 2015 var kull 21 ferdige som nynorskpraktikantar. Dei hadde ekstern praksis i NRK Sogn og Fjordane, NRK P3Morgen og P3Nett, NRK Rogaland, NRK Dagsnytt og NRK Troms. Vi har bedt dei summere opp inntrykka frå tida som nynorskpraktikantar:

Tor-Erik Humlen (1988), ekstern praksis i NRK P3Morgen og P3Nett og held fram som tilkallingsvikar der:

- Eg har fått grundig opplæring i journalistfaget – og fått god mengetrening gjennom Nynorsk mediesenter sin «lære-ved-å-gjere-det-metode». Det var god ballast å ha med seg vidare i både internpraksis i NRK Sogn og Fjordane og eksternpraksis i NRK P3.

Eg er glad for å ha fått allsidig opplæring i multimedial journalistikk. Det gjer at eg kan brukast til mykje forskjellig arbeid innan journalistikken. Det er veldig nyttig no som eg er tilkallingsvikar, og eg trur også det vil vere ein viktig eigenskap når eg skal søke om meir faste stillingar.

Sigrid Agnethe Hansen (1989) hadde ekstern praksis i NRK Troms, og fekk vikariat med det same ho var ferdig med praksistida:

- Tida som nynorskpraktikant var svært lærerik og har gitt meg ei god verktøykasse i journalistkvardagen eg no lever i. Det var mykje hardt arbeid og lange dagar, men det var ei fantastisk fin tid. For å oppsummere kort, er dette det viktigaste eg tar med meg frå tida som praktikant: Ver engasjert, fokusert og nysgjerrig. Bry deg om folk, spør viss du lurar på noko og ver sikker på at det du seier er sant. Og sist, men ikkje minst: Ver hyggeleg - med godt humør kan du gjere arbeidsplassen din til å vere ein stad du og andre har lyst til å vere.

Hibba Sarmadawy (1987) var i NRK Dagsnytt i praksis og er tilkallingsvikar der:

- Etter avslutta praksisperiode har eg fått tilkallingsvikariat for eitt år. Til denne tid har eg jobba nesten kvar dag, både radio og nett, og eg håpar det fortsette slik.

Eg har også fått sommarjobb i nyheitsdivisjonen. Trass i at praksisen er over så er det mykje meir å lære og bli betre på, så her er det berre å stå på!

Elias Engevik (1995), hadde praksis i Førde og skal i det militære frå 16. april:

- Eg har møtt alt frå ein berykta ulv i Naustdal, til ein sveitsisk munk ved Stad, og det er berre for å nemne noko.

For eit år sidan drøymde eg om å få jobbe i media i framtida. Eg holdt på med siste året på vidaregåande då eg tilfeldigvis såg søknadskampanjen til Nynorsk mediesenter på finn.no. Eg tenkte med eitt at dette kunne eg aldri komme inn på. No angrar eg ikkje på at eg søkte! Det har vore tøft og hardt, men samt ekstremt lærerikt og moro.

Tida på Nynorsk mediesenter og i NRK Sogn og Fjordane har vore ei heilt unik læringstid. Eit halvt år har gått, eit halvt år der eg har opplevd meir enn nokon gong! Kven hadde trudd at nynorsken skulle gje meg denne enorme moglegheita for ei framtidig karriere som journalist?

Ine Eftestøl (1984) var i NRK Rogaland i praksis og er tilkallingsvikar der:

- Så langt har tida mi som nynorskpraktikant vore alt eg vona og meir til. Læringskurva er bratt kvar dag, og slik skal det vera. No er eg tilkallingsvikar og klar til å hoppe på alle sjansar eg får. Fingrane er kryssa for eit langt liv i den beste bransjen eg kan tenka meg.

Journalistikk er spanande, gjevande, fartsfylt og fargerikt. Arbeid som får det til å kitle i magen og banka i hjarta er ei signing, og eg føler meg utruleg privilegert som har fått koma til Førde og vera ein del av Nynorsk mediesenter. Tusen takk!

NRK Troms: Godt førebudd til praksis



Nina Birgitte Einem

For fyrste gong kunne vi tilby NRK Troms ein nynorskpraktikant i praksis, endåtil frå Troms. **Nyhendesjef Nina Birgitte Einem** sit att med dette inntrykket:

- Sigrid kom godt forberedt til praksis. I motsetning til å ha studenter i praksis, så fikk vi en som hadde kunnskap om NRK og NRKs verktøy og vi slapp dermed å bruke tid på å lære henne opp i ENPS, Polopoly, osv. Dette gjorde at hun raskt kom i gang med reell produksjon og journalistikk, til fordel for både henne og oss.

Hun hadde også god bredde i hva hun hadde fått prøve seg på hos Nynorsk mediesenter. Selv om hun bare hadde vært innom noen av produksjonsformene, og jobba mer grundige med andre, så var begrepsbruk og trygghet tilstede. Det gjorde at hun raskt ble en del av redaksjonen.

Vi har hatt tilgjengelig en mentor for henne når hun trengte en samtalepartner om saker, etikk, osv, men mesteparten av den daglige veiledningen har skjedd på samme måte som for de andre journalistene; vaktsjef-coaching og kollegastøtte.

Sigrid er nå vikar hos oss i en variert turnus, og er en medarbeider som tilfører oss mye godt stoff og godt kollegaskap, seier nyhendesjef Nina Birgitte Einem i NRK Troms.

Heidra for beste reportasje og radiosatsing

"Gullrosen" er NRK sin internpris i Nyheitsdivisjonen og Sporten, for å heidre eigne tilsette. To tidlegare nynorskpraktikantar fekk begge roser førre helg. **Roger Sevrin Bruland**, reporter i NRK Utanriks, og **Katrine Nybø**, reporter i Nyheitsdivisjonen. Bruland for beste reportasje og Nybø for beste radiosatsing.

Beste reportasje

I fjor haust reiste Roger Sevrin Bruland til Bucuresti i Romania. Han hadde med seg videokamera og [filma](#) medan han kraup ned i kloakken til ungdom og born som bur der.

Saka gjekk i Søndagsrevyen og viste ei verd langt vekke frå den vi kjenner. For "Kloakkbarna" vann han Gullrosen for beste reportasje.



Roger Sevrin Bruland (Foto: Skjermdump/NRK)

I grunngevinga skriv juryen dette:

Sjelden kommer lukt, håpløshet og fellesskap gjennom ruta som i denne reportasjen. Det som blir formidlet fra en verden vi knapt hadde fantasi til å forestille oss, treffer magen og får seerne til å reflektere over hvordan dette kan skje i et EU-land. Jobben som er gjort, både i forkant og underveis med å oppsøke dette miljøet er beundringsverdig og modig.

Gullrosen for beste reportasje er [Kloakkbarna](#) og går til Roger Sevring Bruland (reporter og foto) og Gabrielle Steinagard.

Beste radiosatsing

Katrine Nybø var prosjektleiar og vaksjef for ei unik maratonsending som gjekk på P2 i fjor. Under opningsdagen til fotball-VM hadde P2 ei ni timar lang [temasending](#) om Brasil.

– Det er utruleg kjekt og godt å få ros for hardt arbeid. Dei fleste som høyrer sendinga tenker kanskje ikkje over alt arbeidet som ligg bak. Vi hadde lite tid og mange oppgåver, fordelt på nokre frå menneske. Då det er kjekt å få heider for jobben. Kollegaene mine er kjempeglade for prisen, seier Katrine Nybø.

For henne betyr den kanskje spesielt mykje. Ho var på den tida tilkallingsvikar, og mange gode kollegaer måtte slutte. Då ho fekk denne sendinga i fanget, såg ho på den som ein sjanse til å vise kva ho kan få til og kva ho er god for.

– Eg jobba steinhardt heilt åleine dei første vekene. Å få slik ros er stort og rørende, det kan eg ikkje leggje skjul på. Det gjekk ikkje mange dagane etter sending før eg fekk tilbod om fast jobb, fortel Katrine Nybø.



Katrine Nybø (Foto/NRK)

Grunngevinga frå juryen:

Radiolytterne fikk et variert og vidtfaende møte med et sted midt i begivenhetenes sentrum denne dagen. Reportasjer og samtaler utvidet våre kunnskaper om vesentlige problemstillinger, mens live-musikk, kaffesmaking og sambadans krydret sendingen med opplevelser. På fotball-VMs åpningsdag ble vi kjent med Brasil på en helt spesiell måte – og ingen av sendingens ni timer var like.

Gullrosen for beste radiosatsing går til Temadag Brasil i P2.

Vinnerne er: Katrine Nybø, Ulf Tannæs-Fjeld, Nina Kammersten, Hege Holm, Arne Berg, Oda Holm Gulbrandsen, Finn Lie, Arnt Stefansen og Joar Hoel Larsen.

– Eg er så stolt over dei andre i teamet bak som er så dyktige, og også av meg sjølv som fekk til noko slikt, utan å heilt vite kva og korleis eg skulle starte. Eg vil definitivt jobbe for å få gjere liknande prosjekt i framtida, seier Katrine Nybø.

Eline Buvarp Aardal ny programleiar



Eline Buvarp Aardal (Foto: Skjermdump NRK)

Trongen for fleire *nynorskbrukande* programleiarar i nyhendesendingane i fjernsynet er openberr. Difor er det kjekt at **Eline Buvarp Aardal** har fått opplæring som programleiar, og skal skaffe seg røynsle med å ha morgon- og føremiddags-sendingar i NRK1 framover.

- Eg hadde mi første sending fredag 13. mars. Det var veldig kjekt og nervepirrande. Tanken er at eg skal steppe inn og ha sendingar på dagtid innimellom. Det er kjekt å få nye oppgåver og fleire bein å stå på, seier Eline Buvarp Aardal.

Ho var nynorskpraktikant i 2007/08 og hadde ekstern praksis i Her og Nå-redaksjonen i Trondheim. Etterpå arbeidde ho to år i NRK Sogn og Fjordane før ho reiste til Minsk i Kviterussland for å studere. Etter at ho kom heim derifrå har ho arbeidd som reporter i NRK Nyheiter, og vore mykje på direkten i Dagsrevyen. Eline Buvarp Aardal vart fast tilsett i NRK for om lag eit år sidan.

- Eline er trønder og eg tykkjer det er kjekt at folk no får høyre kor godt nynorsken kling, også i deira munn. "Trøndernynorsk" er flott, berre så synd at så få brukar den. Det er i alle høve viktig at det ikkje er berre vestlendingar som brukar nynorsk i NRK, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

Ny jobb: Frå fly til PR



Susanne Myklebust Egset har fått fast jobb som tekstforfattar og rådgjevar på innhald i [Bisqit Norway](#). Det er kommunikasjonsbyrået Gambit si nye byråsatsing.

- Eg forlét dermed vikariatet på Oslo Lufthamn og startar som fulltids PR-menneske i eit fartsfylt og fagtungt byrå. Kunnskapane mine i nynorsk var ein viktig grunn til at eg fekk jobben, så eg får nok bruke det sjølv om eg nok får trent meg ein god del i sidemål også, seier Susanne Egset..

Ho trur at den nye jobben i PR-bransjen kan bidra til å spreie nynorsken og

aksept for den i miljø der den tidlegare har hatt lite spelerom.

- I tillegg til at denne jobben er spennande og viktig for mi eiga faglege utvikling, trur eg det kan vere ein ny og viktig arena å spreie nynorsk på. På Oslo Lufthavn reagerte mange negativt då eg kom dit og brukte nynorsk, men dei roa seg og blei vane til det etterkvart. Eg tok det som ein siger at eg fekk dei til å måtte forholde seg til nynorsk, og at eg til og med fekk nokre tidlegare motstandarar til å respektere det som bruksspråk. For meg er dette enda ein ny arena å klare denne lille, men viktige sigeren på, seier ho.

Susanne Myklebust Egset var nynorskpraktikant i 2011/12 og arbeidde som tilkallingsvikar i Dagsnytt og NRK.no i to år etter at ho var ferdig. Men det vart eit for uføreseieleg liv og for eit år sidan takka ho ja til jobb i kommunikasjonsavdelinga på Oslo Lufthavn. Susanne Egset har ein BA i PR, kommunikasjon og media, er frivillig journalist for det feministiske tidsskriftet Fett (Fett.no) og bloggar på [susmumrik.com](#).

8. april er fristen for framlegg



Fristen for å sende inn framlegg om kven som bør få Kulturdepartementet sin nynorskpris for 2015 er utvida ei veke i år.

– Vi utvida fristen til 8. april for at folk skal få påska på seg til å skrive framlegg. Det er viktig at dei skriv ei lita grunngjeving, og ikkje berre sender oss eit namn. Juryen ynskjer framlegg om journalistar frå ulike media, seier **Håkon Haugsbø**, som er leiar for juryen.

I juryen sit også Agnes Ravatn, Svend Arne Vee og leiaren for NRK Nynorsk mediesenter, Magni Øvrebotten, som sekretær. Juryen skal ha møte 4. mai og prisen vert delt ut fredag 26. juni, under Dei nynorske festspela i Ørsta.

Prisen er lyst ut i aviser og på nettsider. Sjå lysinga på www.nynorskmediesenter.no
Framlegga sender du til nynorskmediesenter@nrk.no

Kull 23 er lyst ut



15. april er fristen for å søkje kull 23 med nynorskpraktikantar. Kven som får dei fem plassane vert avgjort i byrjinga av mai. Kull 23 startar på opplæringa i Førde 24. august og er ferdige 29. februar 2016.

I samband med utlysinga er det laga ein ny informasjonsvideo om korleis det er å vere nynorskpraktikant. Den er laga av Elias Engevik, som gjekk på kull 21. Han følgde nokre av dei noverande praktikantane under opplæringa. Sjå videoen over.

Vi "reklamerer" for ordninga med nynorskpraktikantar i NRK radio, med snuttar tilpassa både P1, P2 og P3. Utlysinga finn du mellom anna på jobbsidene til NRK og på www.nynorskmediesenter.no

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 26. 03. 2015 har vi sendt frå oss 105 nynorskpraktikantar og 66 % av dei arbeider heil - eller deltid i media. 53 av dei 105 arbeider i NRK.

Totalt har 38 fått fast arbeid i media, 33 av dei er i NRK. Der har vi tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram og på nettet. Til dømes i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Kulturnytt, NRK.no, NRK P3 og ved distriktskontora i Troms, Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå i Telemarksavisa, Drammens Tidende, Møre-Nytt og på nettet i Dagens Næringsliv, og i produksjonsselskapet Monster.

10 arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i: Språkrådet, Forbrukarombodet, Norges Bondelag, Barne- og likestillingsdepartementet, Skatt Vest, Røde Kors, Redd Barna, Norske Kunstforeninger, Changemaker og Bisqit Norge.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 21: 25. august 2014 – 28. februar 2015



Elias Engevik (1995) skal i det militære frå 16. april. **Tor-Erik Humlen** (1988) er tilkallingsvikar i P3Morgen og P3 Nett. **Ine Eftestøl** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland, **Hibba Sarmadawy** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og **Sigrid Agnethe Hansen** (1989) er vikar i NRK Troms.

Kull 20: 3. januar – 30. juni 2014



Frå venstre: **Oddbjørn Myklebust Opsal** (1988) er kokk. **Liv Ragnhild Holdhus Sjursen** (1984), er vikar på nettsida til NTNU. **Guro Kvalnes** (1991) er masterstudent i litteraturformidling ved UiO og tilkallingsvikar i Kulturnytt. Ho har også fått seg sommarjobb der. **Silje Steinnes Bjerknes** (1988) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal og **Halvor Farsund Storvik** (1981) er tilkallingsvikar i NRK Sogn og Fjordane. Han har fått sommarjobb ved distriktskontoret.

Kull 19: 19. august 2013 – 28. februar 2014



Frå venstre: **Eirik Hildal** (1985), er vikar i NRK Sogn og Fjordane, **Britt Kristin Ese** (1985), vikar i NRK Hordaland, **Idun Fivelstad** (1987), har foreldrepermisjon, **Tale Hauso** (1991), er vikar i NRK Hordaland og **Lars Ivar Nordal** (1986), er vikar i Kulturnytt i NRK P2.

Kull 18: 3. januar til 30. juni 2013



Vegar Tjørhom (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks, **Adalheidur Oldeide** (1988) er tilkallingsvikar i Bergens Tidende. **Inger Johanne Ruset** (1985), er dagleg leiar for kino- og kulturhuset i Brattvåg på Sunnmøre. **Hanne Våge** (1992) studerer spansk ved NTNU og er tilkallingsvikar på Tyholt og **Trond Espen Bjoland** (1993) studerer historie ved Universitetet i Bergen.

Kull 17: 20. august 2012 til 28. februar 2013



Kjersti Hetland (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland. **Marte Halsør** (1988) er vikar i NRK Dagsnytt. **Tale Høyem** (1990) studerer juss i Bergen, **Jon Bolstad** (1987) er vikar i NRK Hordaland og **Stine Kyrkjebø Johansen** (1990) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane.

Framsida:

Lurer du på koppene på framsida av denne rapporten så er det dei nye Figgjo-krusa til NRK Nynorsk mediesenter, laga i høve 10-årsjubileet i fjor. Det står NYNORSK på ei side og TAKK på den andre. Inni står www.nynorskmediesenter.no

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRE – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Kjempa seg hausten 2014 inn på statsbudsjettet med ei løyving på 2,2 mill. kroner. Firda Media og eigaren Amedia går inn med 600.000 kroner i året. Nynorsk avissenter er samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.